

## **Styremøte Sogn og Fjordane krins av Norges Bridgeforbund**

17.3.2010 kl 17.30 vart det halde telefonmøte med Helge Sæterdal, Kai Lille-Homb, Åsbjørn Hegrenes, Toveig Botn og Gunn Angelskårsom deltagarar. Geir Hoff hadde forfall.

### **4. Krinstinget:**

- 1) Krinsting vert halde 25.4. på Skei. Frist for innmelding av saker vert sett til 6.4.
- 2) Kai tingar møterom hos Esso, Torveig har ansvar for servering.
- 3) Gunn lagar og sender ut innkalling ut frå utkast. Sjå vedlegg.
- 4) Gunn lagar årsmelding, dei andre sender inn opplysningar om aktivitet dei vil ha med til henne snarast.
- 5) Kai lagar økonomioversikt og får denne revisorgodkjent. Dei som har refusjonar til gode får desse utbetaadt, husk å senda inn bilag der dette manglar.
- 6) Gunn kontaktar valkomiteen ved Sjur Bøe for å sikra at dei har oversikt over kva posisjonar det skal veljast inn folk på. Valkomiteen si innstilling skal kunngjerast seinast ei veke før Krinstinget.
- 7) Geir gjer ferdig saka om rekrutteringsprisen.
- 8) Styret har sett på Midt-Trøndelag sine planar for drift av ein krins. Sjå <http://1800.bridge.no/formalia>. Avtropande styre vil foreslå for nytt styre at vår krins lagar eige handlingsprogram og rutinesamling bygd på grunnlag frå Midt-Trøndelag.
- 9) Det er meldt inn spørsmål om vi bør ha årleg krinsting.
  - a) Fordel med årleg Krinsting: Vi unngår at heile styret står på val på same tid. Det er viktig med kontinuitet. Styret får kontakt med klubbane, og kan henta signal frå desse.
  - b) Ulemper: Samling til Krinsting kostar tid og pengar. Eit anna element er at Krinsting ikkje har hatt så god deltaking.
  - c) Muleg løysing: Arrangere Krinsting saman med ei turnering over to dagar, der den eine dagen er lite belastande spelemessig.
  - d) Ein kan og vurdere ei løysing dei prøver i Midt-Trøndelag, med Krinsting annakvart år og Klubbleiarsamling i mellomliggende år. Dei oppnår då kontakten med klubbane, men sikrar ikkje kontinuiteten.
  - e) Saka blir lagt fram for Krinstinget, styret lagar tilrådinga si på neste styremøte, som vert 7.4.2010 kl 16.30. Endringa i gjennomføring krev ikkje vedtektsendring.

10) Turneringsavviklinga i krinsen. Saka bør drøftast på Krinstinget.

- a) KM par går relativt greitt, sonesystemet gjer at mange kan delta.
- b) KM lag vart forsøkt avvikla sonevis som kvalifisering, men vart avlyst pga manglende deltaking i nord. Hadde Sone lag vore lausrive frå KM lag, kunne dei to stadene med nok påmelde gjennomført sine turneringar. Ein kan setja opp som sonepremie betalt deltakaravgift i KM lag på same måte som ein gjer i KM mix i høve til NM mix etter at Km mix ikkje lenger gjeld som kvalifisering. Deretter kan ein ha fri påmelding i KM lag. Tidspunktet for lagfinalen er det kome negative tilbakemeldingar på, desember er for seint. (referenten vil foreslå 27.11.2010 som neste finale, då siste dag med Fjærlandbom er 26.11)
- c) KM mix hadde ikkje nok påmelde då styremøte vart halde. Vi vart samde om å ta ny kontakt med potensielle spelarar. (Pr 19.3. er det 10 påmelde som er sett som grense for avvikling) Dette same problemet har gått igjen dei siste åra. Vi etterlyser innspel for å revitalisera turneringa. Premieringa er alt høgare enn i andre krinsturneringar.
- d) KM singel har fått litt innspel omkring kvar finalen skal gå i år, også frå klubbar der ein heller ikkje deltok då finalen gjekk i Førde. I år har det meldt seg dei same klubbane som deltok i fjor, + at Luster har meldt at dei vurderer å spela i ein av sine klubbar. Det ser ut til å vera omtrent like mange deltakarar som i fjor.
- e) Skei er av fleire sett fram som ynskt spelestad for krinsturneringar. Det er praktiske tilhøve som har gjort at vi ikkje har brukt Skei til anna enn møteavvikling. Styret undersøkjer på nytt om det kan la seg gjera å få ein avtale for neste periode. Dette må også omfatta pris på hotellrom som er minst like god som på Førde hotell.

11) Krinsstyret takkar turneringsutvalet for god innsats ved turneringsavvikling i perioden.

#### Andre saker

1. Innkomen søknad: Skjolden bk ved Jan-Frode Bolstad har søkt om tilskot til rekrytteringstiltak, kostnad 2410 kr for materiell.

Vedtak: Ut frå tidlegare praksis vert det gjeve støtte på ca 50 %, 1200 kr.

Det vert teke inn på kretsen sine websider at Skjolden har nokre materiellpakkar til overs.

2. Torbjørn Pedersen er oppnemnd som ny web-redaktør. Styret takkar han for starten av innsatsen med krinssidene.

3. S.O. Høyland kan halda 3t-kurs i førde for bridgelærarar 7.6. Krinsen vil stå for kostnadane til lærar og lokale, om Førde bridgeklubb avklarar det praktiske ved arrangementet. Kurset vert kunngjort på kretssidene når det praktiske er i orden.
4. Odd Egil Nygård og Torbjørn Pedersen har gjort ein god innsats med registrering av krinspoeng etter krinsturneringar. Gunn tek kontakt med dei for å få ein avtale framover der dei tek ca halvparten av turneringane kvar. Dette for at krinsen skal sikra at jobben vert gjort innan rimeleg tid, at dei veit når dei skal gjera ein innsats, og for at krinsen skal ha 2 personar som kjenner systemet, så er organisasjonen mindre sårbar ved endringar.
5. Neste møte: 7.4.2010, kl 16.30. Telefonmøte.